

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 23.08.2022

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Marta Fauskanger Ekberg, Elin Taranger, Camilla Rubach og Aksel Lygre. Heidi Torkelsen Fagervik møtte ikkje.

Sak 51 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 14.06.22 og innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend

Sak 52 – 2022 Oppfølging av tidlegare saker.

*Temakveldar – presentasjon av hausten og planlegging av fyrste samlinga.

Oppgåver fordelt til første temakveld

*Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar.

Sjå sak 16 og 17 i februar-møte. Kvar står sakene? Saka vert ført vidare i august.

Soknerådet gjev saka til Aksel, så vil han prøve å ringje til potensielle kandidatar.

*Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:

Kvar står saka? Lars Espeland og Frode Sæverud ser på alternative miksepultar og kostnad.

Det er noko på gang. Det er kanskje mogleg å få kjøpe ein lite brukt digital miksepult.

*Temakveld som konsept – saka vert vidareført i haust

Dette må takast i lag med diakoniutvalet og det kyrkjemusikalske utvalet.

Sak 53 – 2022 Kvartalsrapport 2.kvartal.

Vedtak: Soknerådet tek 2. kvartalsrapport til vitande.

Sak 54 – 2022 Førebuingar til soknerådssal 2023

Vedtak: Soknerådet spør dei personane ein har vorte samde om, om å sitje i valnemnd, innan neste soknerådsmøte.

Sak 55 – 2022 Skap til teknisk utstyr bak i kyrkja.

Kor står saka no? Rune har fått eit utkast frå Ola Jan Grindheim som samsvarer med ynskje til soknerådet.

Vedtak: Utkastet vart lagd fram og godkjend av soknerådet. Teikningane vert sende Bømlø kyrkjelege fellesråd, for vidare sending til Bjørgvin bispedømme for godkjenning.

Sak 56 – 2022 Oppfølging av samling med frivillige og tilsette: Liste over kakebakarar.

Me treng ein oversikt og ei ringeliste til kakebakarar på «stor kyrjekaffi».

Vedtak:

Soknerådsmedlemmene spør folk om å stå på ei kakebakeliste til neste soknerådsmøte.

Sak 57 – 2022 Utsending av giroblankettar

Skal me sende ut giroblankettar i haust? Korleis skal dei i så fall utformast?

Vedtak: Soknerådet tek giroaksjonen i slutten av mai 2023

Sak 58 – 2022 Samrådsmøte med bedehusa 29.august?

Har soknerådet innspel til tema og synspunkt?

Vedtak: Soknerådet har ingen konkrete innspel, men synest det er viktig med eit godt samarbeid, og avklaring av møtedatoar.

Sak 59 – 2022 Referat og meldingar

Orgelkomiteen.

Trusopplæringsutvalet

Jubileumsbok-komiteen: Gunnvald orienterte. Soknerådet gjort vedtak på forlag. Gunnvald følger opp saka med forlaget på vegne av soknerådet. God framdrift i bokarbeidet.

Estlandskomiteen: Aksel orienterte om ein kjekk tur, og sterke møte med ukrainske flyktningar.

Frå fellesrådet og administrasjon: Ny organisering på kyrkjekontoret, der kyrkjevevja har delvis heimekontor. Organiseringa fungerer førebels bra.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Sak 60 – 2022 Ymse

Per Harald Gjerde

Skrivar

